

FRÅSEGN – HAVSUL I, II OG IV

Oppsummering:

Konsekvensutgreiinga er på mange måtar klarleggande:

Manglande samla plan for vindmølleutbygging og manglande forskning på verknader på fugl gjer at utbygging ikkje kan finne stad.

Forsking kan føre til at utbygging på eit seinare tidspunkt kanskje kan vere mogleg, tilpassa resultat av ny forskning, men denne moglegheita vil bli øydelagt om det blir bygd ut no.

1. Behov for samla plan

Ein del problemstillingar er knytt til sumeffekt. For fugl er avvisning/barriereverknad ei problemstilling. Viss det berre er dette anlegget som blir bygd, kan det vere at fuglane flytter seg utan at dette har dramatiske verknader. Blir det bygd fleire slike anlegg, finst det ikkje tilstrekkelege område å flytte til, og situasjonen blir ein heilt annan.

Dette gjeld område for næringsøk og trekkleier spesielt.

Same problemstilling gjer seg også gjeldande når det gjeld landskap. Det kan under visse føresetnader vere akseptabelt med vindmøller i ein sektor i landskapet. Vindmøller både i havet og på innsida av husklyngar kan bli direkte uleveleg.

Manglande samla plan for vindmøllebygging gjer det umogleg å gå inn for utbygging av vindmølleprosjekt ein etter ein.

Sjølv om dette ikkje er automatisk gjeldande i denne typen saker, er det eit likskapsprinsipp i norsk forvaltning. Når ei ny sak liknar på ei tidlegare, skal den nye saka ha same type avgjerd som den tidlegare. Viss Havsul får konsesjon, er konfliktnivået på høgde eller kan hende over ein del av dei andre søknadene i området. Utan ei samla plan, vil det lett bli slik at dei andre søknadene også får konsesjon. Då finst det ingen form for garanti mot sumeffektane.

På vindmøllefronten er det i dag ikkje berre nødvendig for lokalsamfunn og regionar å ha ei viss styring med lokalisering, men også mengde.

2. For lite kunnskap

Når det gjeld verknad på fugl har konsekvensutgreiinga vist at det er mykje vi veit berre litt om. Det går mellom anna fram at dei undersøkingane vi kjenner frå Danmark i liten grad gjeld hekke- og myteområde. Når dei aktuelle prosjekta i stor grad er plassert i hekkeområde, eller i område nært knytt til bruken av hekkeområde, er det ein umogleg tanke at verknaden på

hekkefugl skal prøvast ut med eit anlegg fleire gongar større enn det største anlegget utanlands. Dette liknar ikkje på føre-var prinsippet i det heile tatt.

Elles er det ein del registreringar som berre er gjort i løpet av eit par dagar og berre for eit einskilt år. For ein del av tema har vi følgeleg eit resultat som seier noko om eit bestemt tidspunkt, og i mindre grad om årlege variasjonar. Kunnskap over tid har vi på einskildområde, men ofte mangelfullt det også.

Når ein så ser kva som skjer på Smøla, særleg når det gjeld havørnbestand, er det behov for mykje forskning. Slik forskning må gjerast før det blir gjort vedtak om bruk av areal og plassering av installasjonar. Her må ein ta tida til hjelp, i tillegg til at forskingsinnsats i Noreg må aukast med ein del millionar kroner årleg. Blir utbygginga utsett vil det moglegvis vere råd på eit seinare tidspunkt å finne fram til område som tåler utbygging, og som ein har langt betre dokumenterte verknader av.

Statkraft presenterte 15.5.06 tiltak for å løyse havørnproblemet på Smøla. Der blei det trekt fleire konklusjonar:

- dei visste for lite på førehand
- det var for svake krav til utgreiinga av problemet

Det er no tale om at nokre av vindmøllene som ser ut til å vere mest til plage bør stoppast, i alle fall i periodar.

Det kan og virke som om det på departementsnivå er vurderingar i retning av at utbygginga av Smøla kan ha vore eit feilgrep. Det liknar i så fall på noko som blei sagt om Altakraftverket for nokre år sidan.

Viss det blir gjort vedtak om utbygging av eit eller fleire av Havsulprosjekta no, gjer ein same tabben på nytt, men i mykje større skala.

Som eit døme vil vi nemne det som er sagt om lundefuglen sin mattilgang i einskilde år. Viss lunden i nokre år bergar seg ved å nytte planområdet når andre område slår feil, vil ei utbygging ha store konsekvensar for denne arten. Her er det tale om ein liten skilnad, men på eit heilt vesentleg punkt: skilnaden mellom akkurat å lukkast og akkurat å mislukkast. Runde som eit verna fuglefjell med internasjonal viktighet krev at områda rundt ikkje blir øydelagde slik at hekking på Runde blir vanskeleggjort.

Bernkonvensjonen sin resolusjon 7.5 rår bl.a. partslanda til å identifisere område kor trekkande fuglar er sårbare for vindmøller, og kor vindmøller "should be evaluated" for å verne trekkande artar (pkt. 1 a). Noreg er eit av partslanda i konvensjonen, men så langt har ikkje norske mynde følgd opp dette punktet, og planlegging av store offshore anlegg i viktige trekkruiter – slik tilfelle er med Havsul – er difor i strid med intensjonane i resolusjonen.

Manglane i dette kapitlet krev Naturvernforbundet utgreidd som tilleggsutgreiing. Undersøkinga må gå over minst to år.

3. Eksperimentell teknologi

Sidan det er alternativet med få og store vindmøller som kan sjå ut til å ha minst negativ konsekvens, og slike møller berre finst på teiknebrettet, talar også dette for at utbygging ikkje

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Adresse: 6630 TINGVOLL

Leiar: Øystein Folden, 6630 TINGVOLL, tlf. 918 12 542

Epost moreromsdal@naturvern.no Internett www.naturvern.no/moreromsdal

blir godkjent no. Dette området bør ikkje brukast til forsøksområde, der anleggsarbeid som følgje av justeringsbehov og havari til uhøvelege tider vil få ekstra store konsekvensar.

4. Merknader til dei ulike lokalitetane for vindmøller

Havsul I Sandøy og Giske

Det må ikkje bli bygd møller i gruntvassområda omkring Ekneskjæra (innafor lokalitet 1), nordaust for Havsteinen, ved Håfinnen og utanfor Leiskjæra. Dessutan må beiteområda for havsule og alkefugl få vere i fred.

Havsul II Giske og Haram

Lokaliteten Storholmen er viktig, og ein del møller nær denne har fått påvist større skadeverknad. Disse møllene må ut av planen.

Mølle ved Svarteskjæret må gå ut som følgje av stor verknad på mytande fugl.

Erkna er eit viktig område der det er viktig med god avstand til næraste vindmølle.

Området er ein del av matfatet til nokre av fuglane på Runde. Utbygging vil difor kunne svekke vernet av Runde.

I samband med marin verneplan er det eit framlegg om eit areal i Giske I vurdert som viktig og dette må det takast omsyn til.

Havsul IV Eide og Averøy

Store delar av denne lokaliteten er med i verneplan for sjøfugl, av god grunn.

Hovudlokaliteten bør av denne grunnen gå ut.

5. Kraftleidningane

Havsul I

Når det gjeld kraftleidningen er det klart mindre negative konsekvensar ved at heile leidningstraseen, også på land blir lagt i kabel. Det er her berre tale om mindre justeringar som skal til for at ein jordkabel er nærast utan negativ verknad. Det er her tale om 132 kV, og meirkostnaden med jordkabel er ikkje større enn at dei fordelane ein oppnår med jordkabel langt overstigar meirkostnaden.

Havsul II

Kraftline frå Havsul II til Ørskog vil setje press på å få bygd lina mellom Ørskog og Aukra. Sistnemnte har store konflikstar, og gode alternativ er ikkje påvist. Denne sida må telje med når ein vurderer tilknyttinga til Ørskog. Det er altså ikkje berre konsekvensane av Havsul II-Ørskog som bør vurderast, men heile kraftlina Havsul II-Ørskog-Aukra.

Ørskog som knutepunkt:

Her er prosjekt og eksisterande produksjon som følgjer:

- Tafjord (250 MW)

- Havsul II (installert effekt ca 800 MW)

Det er stilt spørsmål om anlegget i Ørskog har tilstrekkeleg kapasitet. Som bakteppe ligg meldinga om kraftline Fardal – Ørskog som kan påverke dette ytterlegare.

Kraftforbruket i fylket er i stor grad knytt til to lokaliseringar:

Aukra med Ormen Lange og Sunndal med Hydro Aluminium.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Adresse: 6630 TINGVOLL

Leiar: Øystein Folden, 6630 TINGVOLL, tlf. 918 12 542

Epost moreromsdal@naturvern.no Internett www.naturvern.no/moreromsdal

Havsul II for full produksjon vil omtrent dekke opp effektbehovet for desse verksemdene aleine. I andre høve vil det vere berre ein mindre del av behovet som blir produsert, eller kanskje ikkje noko i det heile.

Så lenge det ikkje er noko direkte samband av nokon storleik mellom Ørskog og Aukra, må straum ført inn i Ørskog om Viklandet for å kunne kome fram til dei nemnte forbrukarane. Då er Ormen Lange prisgitt Viklandet trafostasjon og kraftlina mellom Viklandet og Aukra.

Naturvernforbundet meiner det er ein vesentleg mangel at konsekvensane av ei direkteline mellom Havsul II og Aukra ikkje er utgreidd. Ein slik trase må vurderast opp mot Havsul II-Ørskog-Aukra.

Ein direkte sjøkabel mellom Havsul II og Aukra vil bli noko lengre enn nødvendig sjøkabel i prosjektet Havsul II-Ørskog og Aukra – Ørskog (15-20 km?), men kraftleidningane elles vil minke med 40-50 (?) kilometer. Installasjonane i Ørskog kan og reduserast mykje. Skilnaden økonomisk mellom to slike alternativ treng ikkje bli så veldig store. Dei negative konsekvensane av det utgreidde alternativet er i alle fall store. Dette krev Naturvernforbundet utgreidd nærare i form av tilleggsutgreiing.

Ved Svartløkvatnet har det etter kvart blitt ein del inngrep av ulike slag. Summen av desse inngrepa har etter kvart verknad i seg sjølv, og slik sett er ei kraftline i dette området forsterkande negativ i eit område som har og ikkje minst hadde store kvalitetar.

Havsul IV

Kollisjonsfare for fugl er største problemet. Som følgje av botaniske verdiar vil ikkje kabelløysing som då vil skje i myr i stor utstrekning vere eit godt alternativ. Vi står difor att med avbøtande tiltak som merking av liner, fjerning av toppleiarar o.l. som dei mest aktuelle tiltaka.

For spesielle strekningar med kollisjonsfare bør det vurderast om leidningen kan leggst som kabel der grunnen er fastmark eller dei botaniske verdiane er ordinære. Dette krev Naturvernforbundet utgreidd som tilleggsutgreiing.

Generelt om kabel:

Fagrapporten om friluftsliv for Havsul II seier i kap. 6.1.3: Svært mange er positive til å betale meir for straumen under føresetnad av at det blir lagt kabel i staden for luftleidning.

Dette meiner Naturvernforbundet må leggst til grunn, slik at konflikhtar med luftstrek blir løyst med kabel når det ikkje oppstår nye problem med ei slik løysing, sjølv om dette fører til dyrare nettleige for forbrukar.

Generelt om avbøtande tiltak:

Naturvernforbundet har i liten gard kommentert forslag til avbøtande tiltak. Dei framlegga til tiltak som er nemnt reknar vi jamt over for å vere tiltak som bør gjennomførast. Det er likevel viktig å merke seg at desse tiltaka er for svake til at hovudkonklusjon kan bli endra:

Konsekvensane av utbygging er på nokre punkt så uavklarte og så store at det er lite truleg at dei kan gjennomførast, og først etter langt meir forskning.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Adresse: 6630 TINGVOLL

Leiar: Øystein Folden, 6630 TINGVOLL, tlf. 918 12 542

Epost moreromsdal@naturvern.no Internett www.naturvern.no/moreromsdal

Det vi ikkje seier noko om:

Naturvernforbundet har avgrensa arbeidet med denne saka til dei tema som ligg innan våre kjernefelt. Også innafor kjernefeltene våre skal det seiast at vi har arbeidd lite med verknaden for marin biologi.

Sjølv om vi har meiningar om korleis dei omsøkte anlegga kan påverke dei som bur i nærleiken, har vi ikkje gått nøyare inn i tema som skuggekast, refleksblink, støy, iskast osv. Vi har heller ikkje vurdert verknaden for friluftsliv på sjøen eller turisme. Tema som tekniske løysingar osv. er berre overfladisk sett på.

Manglande utsegner frå Naturvernforbundet til ulike tema må difor ikkje lesast som at Naturvernforbundet ikkje har noka meining om det.

Med helsing

Øystein Folden
Leiar

Kopi på epost:

Møre og Romsdal Natur og Ungdom
Havgul AS
Tafjord Kraft AS
Istad Nett AS
Landssammenslutninga av Norske Vindkraftkommuner
Møre og Romsdal fylke
Giske kommune
Ålesund kommune
Haram kommune
Skodje kommune
Ørskog kommune
Vestnes kommune
Midsund kommune
Sandøy kommune
Aukra kommune
Fræna kommune
Averøy kommune
Kristiansund kommune

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Adresse: 6630 TINGVOLL

Leiar: Øystein Folden, 6630 TINGVOLL, tlf. 918 12 542

Epost moreromsdal@naturvern.no Internett www.naturvern.no/moreromsdal